



Den gode barnehage- og skuleeigar

Kommunalt og fylkeskommunalt barnehage- og skuleeigarprogram for læring, medskaping og utvikling

Eit opplærings- og utviklingsprogram
for politisk og administrativ leiing
September 2016 – september 2017
KS, Høgskulen og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



Korleis kan vi som barnehageeigarar fremje gode kvalitetsbarnehagar der born trivast og utviklar seg?

Korleis kan vi som skuleeigarar fremje ein skule med faglege, kulturelle og sosiale kvalitetar som gir elevane meistring, læring og godt sjølvbilete?

Kvifor eit opplærings- og utviklingsprogram for politisk og administrativ leiing?

Programmet «Den gode barnehage- og skuleeigar» er eit viktig tiltak for å realisere måla i KS sin eigarstrategi for barnehage og skule, og for å betre føresetnadane til å gjennomføre nasjonal barnehage- og utdanningspolitikk.

Alle kommunar og fylkeskommunar ønskjer å tilby ei utdanning som er kjenneteikna av godt læringsmiljø og godt læringsutbytte, der elevane kan få utvikle seg både fagleg, kulturelt og sosialt. Vi veit at aktive barnehage- og skuleeigarar spelar ei viktig rolle i kvalitetsutviklinga ved å legge føringar og følgje opp skular og barnehagar i sin eigarskap.

Målsetting

Barnehage- og skuleeigarprogrammet har som målsetting å vidareutvikle eigarstyring for betre gjennomføring og auka kvalitet i det 13-årige opplæringsløpet.

Gode barnehagar kan vere avgjerande for god sosial utvikling og meistring vidare i livet. Tidleg innsats i barnehagar og skular er ein nøkkelfaktor for å førebygge utanforskap og å inkludere til fellesskapet i samfunnet.

Programmet skal gje politisk og administrativ leiing auka kunnskap og ferdigheiter i dialogbasert styring av skular og barnehagar.

Målgruppe

Målgruppe for programmet er utøvarar av barnehage- og skuleeigarrolla på politisk og administrativt nivå. Det vil seie folkevalde som ønskjer å auke kunnskapen om utfordringar og moglegheiter når det gjeld politisk styring av skular og barnehagar, og rådmann/fylkesrådmann og tilsette i administrasjonen som har ansvar og oppgaver knytt til kommunen som barnehage- og skuleeigar. Dette kan vere kommunalsjef, fylkesdirektør, etatssjef, barnehage- og skulefagleg ansvarleg, rådgjevar og liknande.

Det vert føresett at både folkevalde og representantar frå administrasjonen deltek frå kommunen.

I ein utviklande styringsdialog er det avgjerande at alle nivå i kommunen snakkar godt saman og kjenner kvarandre sine roller og ansvarsområde. Vi ynskjer difor at kvar kommune i tillegg er representert med ein rektor frå skulane, ein styrar frå barnehagane og at kommunen inviterer med seg hovudtillitsvald for skule og barnehage. Kvar kommune kan delta med åtte personar.

Vår grunnmodell for dialogbasert styring:

Programmet har hovudvekt på utvikling av den gode styringsdialogen mellom politisk nivå, administrativt nivå og barnehage- og skulenivå. Difor er desse tre nivåa framheva særskilt i modellen nedanfor.

For å kunne gjere ein god jobb som barnehage- og skuleeigar lokalt, må vi forstå korleis barnehagar og skular vert styrt frå

nasjonale styresmakter si side, og korleis vi vert påverka av internasjonale trendar. På den andre sida må vi og forstå kva som kjenneteiknar institusjonane og dei tilsette sin kvardag. Ikkje minst må vi vite kva faktorar som tel mest for barn si utvikling i barnehagen og elevane sitt læringsutbytte og læringsmiljøet i skulen.



Modellen viser også til tradisjonelle reiskapar for styring (t.d. planar og rapportering) som vi i dag nyttar for å sikre gode resultat og ei positiv utvikling. Sjølv om vi har mange reiskapar, opplever mange kommunar og fylkeskommunar eit stort behov for å utvikle ein meir vital styringsdialog mellom dei tre nivåa, der innhald og kvalitet i skular og barnehagar i større grad kjem i sentrum.

Plan for gjennomføringa av programmet:

Samling 1

Lokalt ansvar for kvalitetsutvikling i skular og barnehagar

26.-27. september 2016

Målet for samlinga er å legge grunnlaget for at politisk og administrativt nivå skal få ei felles forståing for oppdraget med å utvikle gode skular og barnehagar. Vi vil arbeide med å skape god rolleforståing som eit grunnlag for god samhandling og gode prosessar i styring og kvalitetsutvikling.

Deltakarane skal gjennom samlinga:

- Få kunnskap om sentrale utviklingstrekk i styring og kvalitetsutvikling av barnehagar og skular, nasjonalt og internasjonalt.
- Drøfte kva som er god styring, godt samspel og godt lagspel: Kva er skule- og barnehageeigar sine oppgåver og korleis kan skule- og barnehageeigar spele profesjonen gode i sitt arbeid?
- Sjå på barnehagen si rolle og mandat og drøfte kva som ligg i kvalitativt gode barnehagar.
- Drøfte kva som er god kvalitet i skular og korleis ein som skuleeigar kan fremje god kvalitet. Korleis balanserer vi det kvantitative og det kvalitative i drøftingane?
- Drøfte forskjellen mellom forvaltningsorientert og læringsorientert styring og leiing.

Koordinatorsamling (kommunalsjef skule og barnehage): 15. februar 2017

Samling 2

Den gode styringsdialogen «Kom nærmere»

22. mars 2017

Målet for samlinga er å legge eit grunnlag for korleis ein kan bruke tilstandsrapporten/kvalitetsmeldinga i styringsdialogen for å utvikle gode barnehagar og skular.

Deltakarane skal gjennom samlinga:

- Bruke tilstandsrapport/kvalitetsmeldinga i arbeidet med kvalitetsutvikling i skule og barnehage.
- Legge grunnlaget for betre styring, samspel og lagspel: Kva er skule- og barnehageeigar sine oppgåver og kva kan skule- og barnehageeigar gjere for å spele profesjonen god i sitt arbeid?
- Drøfte kva god leiing betyr for tilsette si profesjonsutvikling og barna si læring og utvikling.
- Drøfte korleis ein som skuleeigar kan medverke til å utvikle gode læringsmiljø i skulen, og korleis foreldre og lokalmiljø kan nyttast som ein ressurs i dette arbeidet.
- Drøfte korleis ein kan lage gode koplingar mellom skule og arbeidsliv?

Koordinatorsamling (kommunalsjef skule og barnehage): 10. mai 2017

Samling 3, regionvise samlingar

Læring og profesjonsutvikling i barnehage og skule

26.-29. september 2017. Ei dagssamling i kvar region

Sidan denne samlinga blir regionvis, har den enkelte kommune høve til å invitere med fleire politikarar. Målet for samlinga er å sjå på barnehage- og skuleeigarrolla i eit utviklingsperspektiv og i samhandling med leiing og profesjon.

Deltakarane skal gjennom samlinga:

- Drøfte rolla som skule- og barnehageeigar og bidraget til læring og profesjonsutvikling.
- Definere korleis ein skal bruke tilstandsrapporten/kvalitetsmeldinga til å arbeide med kvalitetsutvikling i skular og barnehagar.
- Definere korleis ein arbeider med kvalitetsutvikling i høve eit årshjul.
- Gå vidare i å avklare forventningar til kvarandre sine roller i utviklingsarbeid (politikk/administrasjon/leiing/profesjon).
- Arbeide med korleis utvikle gode formelle og uformelle samhandlingsarenaer mellom politisk og administrativt nivå.
- Ha fokus på kva tillitsvalde si rolle er i møte mellom politikk, administrasjon og leiing.

Koordinatorsamling (kommunalsjef skule og barnehage): 22. november 2017

Erfaringsamling 23. januar 2018

Skisse til framdrift og programorganisering:

Tre fagsamlingar med arbeidsseminar

Programmet er lagt opp med tre samlingar, der den første fagsamlinga er over to dagar. Samling to og tre er dags-samlingar. I tillegg vil det i starten av 2018 bli lagt opp til ei erfaringsamling.

På samlingane arbeider vi oss gjennom dei ulike elementa i modellen for dialogbasert styring. Under arbeidsseminara og mellom samlingane får kvar kommune/fylkeskommune høve til å drøfte kva ein ønskjer å vidareutvikle i eigen kommune/fylkeskommune, på grunnlag av ny kunnskap og nye idear som ein har fått på samlinga. Det vert også lagt opp til at deltakarane skal arbeide med vidareutvikling av styringsdialogen i eigen kommune/fylkeskommune mellom samlingane.

Vi har henta inn kapasitetar på skule- og barnehageutvikling på nasjonalt nivå, som vil medverke på samlingane og i arbeidet gjennom programmet.

I tillegg til desse ressurspersonane, vil vi i programmet invitere kommunar og fylkeskommunar som har lukkast godt som barnehage- og skuleeigarar for å sjå og lære av det dei har gjort.

26.-27. september 2016
Lokalt ansvar for kvalitetsutvikling i skular og barnehagar

15. feb. 2017:
Koordinatorsamling

22. mars 2017:
Den gode styringsdialogen «Kom nærmere»

10. mai 2017:
Koordinatorsamling

26.-29. september 2017:
Læring og profesjonsutvikling i barnehage og skule

22. nov. 2017:
Koordinatorsamling

23. januar 2018:
Erfaringsamling

”

*Å møtast er ein god start
Å halde saman er framsteg
Å jobbe saman er suksess*

- Henry Ford

Informasjon og kontakt:

Vil vi etter kvart legge ut meir informasjon om programmet og samlingane, prisar og påmeldingside.

<http://www.ks.no/kalender/>

<https://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/>

Påmeldingsfristen er 1. juni

Dersom du har spørsmål, kan du ta kontakt med:

John Ole Vange,

utdanningsdirektør hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:
fmsfjov@fylkesmannen.no – tlf 97196593

Anders Moen,

kommunalsjef i Flora kommune og leiar i Skule- og barnehageutvalet:
Anders.moen@flora.kommune.no – tlf 41530108

Dag Langfjæran,

KS-Konsulent:
dag.langfjaeran@ks.no - tlf 41777969